



Kinn kommune

Panelundersøking

Hausten 2023

Om undersøkinga



På oppdrag frå Kinn kommune har Sentio Research gjennomført ei undersøking om tilfredsheit med kommunen. Formålet med undersøkinga er å kartleggja innbyggjarane sine synspunkt på viktige utviklingstrekk i kommunen.



Undersøkinga vart gjennomført digitalt med invitasjon på SMS. Utvalet består av 623 personar frå Kinn kommune, som er i eit innbyggjarpanel. Ved undersøkingas slutt hadde 457 personar svart. Dette gjer ein svarprosent på 74 %. Intervjua vart gjennomførte i perioden 18 oktober til 9 november 2023.



Det er gjennomført signifikanstesting av skilnadar mellom undergruppene i undersøkinga. Formålet med denne testen er å undersøkje om resultatata til ei undergruppe er ulike frå motsatsen; til dømes om respondentane under 30 år svarer ulikt frå dei som ikkje er under 30 år. Signifikanstestinga blir gjort for kvart spørsmål, og skilnaden som er nødvendig for at noko er signifikant kan variera mellom spørsmåla. Dette kan mellom anna komma av ulikt tal på respondentar som har svart på spørsmålet eller at det er stor variasjon i svarfordelinga. Dersom ein skilnad er statistisk signifikant, kan vi med 95 prosent sikkerheit hevda at han er reell i populasjonen og ikkje kjem av tilfeldigheter i utvalet.

Presentasjon av resultat

	Heilt ueinig	Litt ueinig	Verken eller	Litt einig	Helt einig
Eigentleg verdi	1	2	3	4	5
Omkoda verdi	0	25	50	75	100

Resultata visast som standardiserte gjennomsnitt, der 0 er dårlegaste skår og 100 er beste skår. «Veit ikkje»-svara er tatt vekk. Tabellen over viser kva slags skår dei ulike svarkategoriene gir, og korleis man kan tolke skårane. Merk at dette berre er ei rettleiande tolking. I rapporten er det lagt inn figurer som viser heile svarfordelinga, men i den oppsummerande teksten visast det gjerne til snittskåren. Viss eit tal står med prosentteikn (64 %) visast det til prosentfordeling, mens eit tal utan prosentteikn (65) visar til snittskår.

Skalaen blir tolka slik at jo nærare 100 ein kjem, jo betra resultat. Generell peikepinn på kva som er gode skårar når resultata blir presenterte som snitt på ein skala frå 0–100:



- Svært godt resultat (80 og over)
- Godt resultat (70–79)
- Noko godt resultat (60–69)
- Verken godt eller dårleg resultat (50–59)
- Noko dårleg resultat (40–49)
- Svært dårleg resultat (Under 40)

Kjenneteikn ved eit godt resultat

- Skårar over 70
- jamt gode resultat på dei fleste/alle område
- Ved gjennomføring over fleire år; framgang sidan sist



Om utvalet



Oppsummering av hovudfunn

1

Kinn i framtida



Paneldeltakarane meiner det er svært viktig å prioritere differensierte bustadtilbod. Vidare er dei ueinige i at innbyggjarane i større grad må ta eige ansvar for alderdom og bustad. Dei er noko ueinige i at det er riktig å samle skule- og barnehagetilbod, og noko meir delt i om det er riktig å samle tilbod i helse og omsorg.

2

Til- og fråflytting



Flest trur at gode barnehagar og skular, samt fast jobb, skal til for at unge flyttar til Kinn. Paneldeltakarane trur i hovudsak at karrieremoglegheiter er ei viktig årsak til at innbyggjarar flytter til Bergen, Oslo og Kinns nabokommunar. Bättre breiband sjåast på som lite viktig, både med tanke på tilflytting og fråflytting.

3

Bustad



Paneldeltakarane meiner det er ikkje for stor risiko ved å kjøpe bustad i Kinn og dei synest ikkje det er god nok tilgang på utleige-bustader i kommunen. 44 % meiner kommunen ikkje har ein bustadmarknad som passer for tilflyttarar, og over halvparten av desse meiner at det er for få leilegheiter og alternative, mindre bueiningar.

4

Arbeid



Paneldeltakarane meiner dei kjenner nokså godt til kva type arbeidsplassar som finnes i kommunen. Omtrent 7 av 10 trur fleire jobbalternativ og konkurransedyktig løn er viktigast for dei som bur i Kinn, med tanke på arbeid og i dag og tida framover.


5

Natur




Paneldeltakarane er temmeleg ueinige i at det er behov for å byggje ned natur for å få fleire arbeidsplassar i kommunen, og dei er temmeleg einige i at å byggje ned natur gjer det mindre attraktivt å bu i kommunen.

Kinn i framtida




Kor viktig er det at vi prioriterer følgjande for å utvikle to sterke senter/byar i kommunen?




- Eit snitt på 81 av 100 viser at paneldeltakarane meiner det er svært viktig å prioritere differensierte bustadtilbod for å utvikle to sterke senter/byar i kommunen.
- Paneldeltakarane meiner òg det er viktig å prioritere grøntområde og samanhengande stinett (77), eit betre kulturtilbod (74) og fleire formelle og uformelle møteplassar (73).
- Kvinner er meir samde enn menn i at det er viktig å prioritere eit betre kulturtilbod for å utvikle to sterke senter/byar i kommunen (79 mot 69). Dei er også meir samde i at det er viktig å prioritere fleire formelle og uformelle møteplassar (78 mot 69), grøntområde og samanhengande stinett (82 mot 74) og differensierte bustadtilbod (85 mot 78).
- Dei som er i alderen 60 til 69 år er meir samde i at det er viktig å prioritere grøntområde og samanhengande stinett (84), samanlikna med dei i andre aldersgrupper (mellom 67 og 79). Dei eldste er meir samde i at differensierte bustadtilbod er viktig (87 blant dei som er 60–69 år og 88 blant dei som er 70 år og eldre), samanlikna med dei som er yngre (mellom 76–83).
- Det er ingen skilnad mellom kor deltakarane bur og korleis dei svarar på desse spørsmåla. Merk at ein kan ikkje seie noko om korleis by dei synest det bør bli betre kulturtilbod i.

Kor einig er du i følgjande påstandar om desse endringane?



- Eit snitt på 39 av 100 viser at paneldeltakarane er ueinige i at innbyggerane i større grad må ta eige ansvar for alderdom og bustad. Vidare er dei litt ueinige i at det er riktig å samle skule- og barnehagetilbod i kommunesentera/dei største tettstadane (49 av 100).
- Dei er noko delte i påstanden om at det er riktig å samle tilbod i helse og omsorg i kommunesentera/dei største tettstadane, men det er til saman fleire som er einige enn ueinige i dette (59 av 100).
- Vidare er dei svært einige i at betre samferdsletilbod er viktig for å møte endringa i alderssamansetninga (84 av 100).
- Det er ein positiv samheng mellom utdanning og i kor stor grad ein er einig i at innbyggerane i større grad må ta eige ansvar for alderdom og bustad: frå 30 blant dei som har grunnskule/vidaregåande skule som høgaste utdanning, til 54 blant dei som har universitet-/høgskuleutdanning på 5 år eller meir.
- Dei som er gift er meir samde i at det er riktig å samle tilbod i helse og omsorg i kommunesentera/dei største tettstadane (63), samanlikna med dei som har anna sivilstand (mellom 51 og 54).
- Dei som er 70 år og eldre er meir samde i at betre samferdsel er viktig for å møte endringa i alderssamansetninga (91), enn dei som er yngre (snitt mellom 76 og 87). Dei som er i alderen 30 til 39 år er minst einige i dette.

Til- og fråflytting




Kva trur du skal til for at unge flyttar til Kinn? Fleire svar mogleg.

- Nesten 9 av 10 trur at gode barnehagar og skular skal til for at unge flyttar til Kinn, medan 8 av 10 trur fast jobb skal til.
- Mange trur at karrieremoglegheiter (67 %) og gode helse- og omsorgstenester (62 %) skal til for at unge flyttar til Kinn.
- Ganske få (9 %) trur at betre breiband skal til.

Brote ned på bakgrunn ser ein følgjande skilnadar:

- Det er ein større del blant dei som er i jobb som trur karrieremoglegheiter skal til for at unge flytter til Kinn (72 %), samanlikna med dei som er pensjonert (54 %). Det er og ein alderseffekt her, der ein svarer det sjeldnare jo eldre ein er.
- Det er ein større del blant dei under 30 år som trur at eit større sosialt nettverk skal til for at unge flyttar til Kinn (57 %), samanlikna med dei som er eldre (24–28 %).
- Det er ein større del blant dei som har universitets-/høgskuleutdanning på 5 år eller meir som trur at arbeidsfellesskap (slik at dei kan fjernjobbe) skal til for at unge flyttar til Kinn (41 %), samanlikna med dei med lågare utdanning (12–26 %).
- Menn har oftare svart at innbyggjarane kan påverke utviklinga av lokalsamfunnet (44 %) enn kvinner (34 %).
- Det er ein mindre del blant dei som er pensjonert som trur at betre kulturtilbod skal til for at unge flyttar til Kinn (19 %), samanlikna med dei som oppgjer anna yrkesstatus (33–40 %).
- Det er ein større del blant dei som oppgjer stønad/trygd som yrke som trur at gode helse- og omsorgstenester skal til for at unge flyttar til Kinn (80 %), samanlikna med dei som oppgjer anna yrkesstatus (50–61 %).




Kvifor trur du at innbyggjarar flyttar til Bergen og Oslo og til nabokommunane våre? Fleire svar mogleg.

- 8 av 10 trur karrieremoglegheiter er ei viktig årsak til at innbyggjarar flyttar til Bergen, Oslo og Kinns nabokommunar.
- 6 av 10 trur betre kulturtilbod, medan 5 av 10 trur eit større sosialt nettverk og fast jobb er ei viktig årsak.
- Ganske få (5–8 %) trur at innbyggjarane kan påverke utviklinga av lokalsamfunnet, betre breiband og moglegheit for å delta i lokale lag og foreiningar er viktige årsaker til at innbyggjarar flyttar.


Brote ned på bakgrunn ser ein følgjande skilnadar:

- Det er ein større del blant dei under 30 år som trur at eit større nettverk er ei viktig årsak til at innbyggjarar flyttar (79 %), samanlikna med dei som er eldre (41–61 %). Det er også ein større del blant dei som har budd i området i mindre enn 3 år som meiner dette er ei viktig årsak (71 %), samanlikna med dei som har budd i området lengre (48–51 %).
- Det er og ein signifikant skilnad mellom aldersgruppene i kor mange som har svart arbeidsfellesskap slik at vi kan fjernjobbe, frå 29 % av dei under 30 til 8 % av dei over 70.



Kvifor trur du at innbyggjarar flyttar til Bergen og Oslo og til nabokommunane våre? Fleire svar mogleg. (forts.)


- Det er ein *mindre* del blant dei med grunnskule/VGS-utdanning som trur at karrieremoglegheiter er ei viktig årsak (74 %), samanlikna med dei med høgare utdanning enn grunnskule/VGS(86–88 %).
- Dei i alderen 50-59 skil seg ut på fleire punkt. Det er ein *mindre* del blant dei som er i alderen 50 til 59, enn dei i andre aldersgruppene som svarer moglegheit for å delta i lokale lag og foreiningar (1 % mot 4–36 %), gode helse og omsorgstenester (17 % mot 25–43 %) og gode barnehagar og skular (19 % mot 32–57 %) er viktige årsaker til at innbyggjarar flyttar til Bergen, Oslo og Kinns nabokommunar.
- Det er ein større del blant dei som er separert/skilt/enke/enkemann som trur at betre kulturtilbod er ei viktig årsak til at innbyggjarar flyttar (81 %), samanlikna med dei som oppgjer anna sivilstand (53–63 %).
- Det er ein større del blant dei som oppgjer stønad/trygd som yrkesstatus som trur betre breiband er ei viktig årsak til at innbyggjarar flyttar (23 %), samanlikna med dei som oppgjer anna yrkesstatus (2–13 %).



Bustad




Kor eining eller ueinig er du i følgjande påstandar om bustad?



- Eit snitt på 38 av 100 viser at paneldeltakarane er ueinige i at det å kjøpe bustad i Kinn er for stor risiko (38 av 100). Dei er også ueinige i at det er god nok tilgang på utleigebustader i Kinn kommune (36 av 100).
- Vidare er dei noko delt i kor samde dei er i at det er tilgang på bustader i Kinn kommune i ulike størrelsar og prisklasser (57 av 100), men det er til saman fleire som er einige enn ueinige i dette.
- Det er ein større del blant dei som bur i Måløyområdet som er samde i at det å kjøpe bustad i Kinn er for stor risiko (45), samanlikna med dei som bur i Florøområdet (34).
- Menn er i større grad samde i at det er tilgang på bustader i ulike størrelsar og prisklasser (63 mot 51).
- Dei i alderen 60–69 år er i større grad samde i at det er tilgang på bustader i ulike størrelsar og prisklasser (66), samanlikna med dei i anna aldersgrupper (snitt på mellom 51 og 56).
- Dei som har budd i området i meir enn 5 år, er meir samde i at det er tilgang på bustader i ulike størrelsar og prisklasser, samanlikna med dei som har budd i området kortare (mellom 43 og 48).
- Dei som har grunnskule/VGS-utdanning er meir samde i at det er god nok tilgang på utleigebustader (43), samanlikna med dei som har høgare utdanning enn grunnskule/VGS (mellom 29 og 38).

Synest du vi har ein bustadmarknad som passar for tilflyttarar?

- 55 prosent synest at Kinn kommune har ein bustadmarknad som passar for tilflyttarar. 45 prosent synest ikkje det.
- Det er ein større del i Florøområdet enn i Måløyområdet som synest at Kinn kommune har ein bustadmarknad som passar for tilflyttarar (62 % mot 41 %).




Kva type bustadar manglar? Fleire svar mogleg.

Dei som *ikkje* syntest at kommunen har ein bustadmarknad som passar for tilflyttarar, fekk spørsmål om kva type bustadar som manglar.

- Over halvparten svarar at leilegheit og alternative, mindre bueiningar manglar (54 % begge).
- 46 prosent svarer einbustad og 43 prosent svarer rekkehus.
- 23 prosent svarer bufellesskap, mens 15 prosent svarar gardsbruk.


Brote ned på bakgrunn ser ein følgjande skilnadar:

- Det er ein større del blant dei som er 30–39 år som svarar at einbustad manglar (83 %), samanlikna med dei i anna aldersgrupper (21–42 %).
- Vidare ser ein at andelen som meiner at det manglar alternative mindre bueiningar aukar med alder; frå 34 prosent blant dei mellom 30 og 39 år, til 88 prosent blant dei som er 70 år og eldre.
- Det er ein større del blant dei som er 40–49 år som svarer at det manglar gardsbruk (33 %), samanlikna med dei i anna aldersgrupper (mellom 0 og 21 %).




Kva type bustadar manglar? Fleire svar mogleg. (forts.)


- Det er ein større del blant dei som bur i Måløyområdet som meiner at det manglar leilegheiter (66 %), samanlikna med dei som bor i Florøområdet (45 %). Dei som har budd i området i meir enn 10 år, svarar også i større grad at det manglar leilegheiter (62 %), samanlikna med dei som har budd i området kortare (mellom 25 og 53 %).
- Ein større del kvinner enn menn svarer at det manglar bufellesskap (32 mot 13 %).
- 71 % av dei som har budd i bustaden sin i 3-5 år har svart at det manglar einebustad, mot berre 36 % av dei som har budd i bustaden sin i over 10 år. Av dei som har budd i bustaden sin kortare enn 3 år og mellom 6-10 har høvesvis 50 og 59 % svart det same.



Arbeit



Kor godt kjenner du til kva type arbeidsplassar vi har i Kinn? Er det...




- Eit snitt på 68 av 100 viser at paneldeltakarane meiner dei kjenner nokså godt til kva type arbeidsplassar som finnes i Kinn.
- Dei som er 70 år og eldre meiner dei kjenner betre til kva type arbeidsplassar som finnst i Kinn (74), samanlikna med dei som er yngre (snitt mellom 62 og 71). Det er ein stigande samanheng mellom alder og kor godt ein meiner man kjenner til kva type arbeidsplassar ein har i Kinn.
- Dei som har budd i området i meir enn 5 år, meiner også dei kjenner betre til kva type arbeidsplassar som finnst i Kinn (69), samanlikna med dei som har budd i området kortare (mellom 50 og 63).
- Det er òg ein utdanningseffekt her, jo høgare utdanning ein har, jo betre kjennskap seier ein at ein har om kva type arbeidsplassar ein har i Kinn, frå eit snitt på 65 for dei med grunnskule/VGS-utdanning til 72 for dei med universitet/høgskuleutdanning på 5 eller fleire år.

Kva trur du er viktigast for dei som bur i Kinn, med tanke på arbeid i dag og i tida framover? Fleire svar mogleg.

- 74 prosent trur fleire jobbalternativ er viktigast for dei som bur i Kinn, med tanke på arbeid i dag og i tida framover, mens 70 prosent trur konkurransedyktig løn er viktigast.
- 40 % trur at det er viktigast at drøymejobben

Brote ned på bakgrunn ser ein følgjande skilnadar:


- Det er ein større del blant dei som bur i Florøområdet som trur fleire jobbalternativ er viktigast for dei som bur i Kinn, med tanke på arbeid i dag og i tida framover (78 %), samanlikna med dei som bur i Måløyområdet (66 %). Det er ein større del i Florøområdet som svarer at ein kan pendle til drøymejobben på 24 % mot 14 % i Måløyområdet. Det motsatte er tilfelle for støtte til å skape eigen arbeidsplass, der 29 % av Florøområdet har svart dette, mot 41 % av Måløyområdet.
- Det er ein større del blant dei som har budd i området i mindre enn 3 år som trur at drøymejobben finnes i Kinn er viktigast (65 %), samanlikna med dei som har budd i området lenger (mellom 36 og 42 %). Det er færre blant dei som har budd i området i mindre enn 3 år som svarer at støtte til å skape eigen arbeidsplass er viktigast (13 %) samanlikna med dei som har budd i området lenger (mellom 32 og 40 %).



Natur



Kor einig eller ueinig er du i følgjande påstandar?



- Eit snitt på 33 av 100 viser at paneldeltakarane er ganske ueinige i at det er behov for å byggje ned natur for å få arbeidsplassar i Kinn kommune. Vidare er dei ganske einige i at å byggje ned natur gjer det mindre attraktivt å bu i Kinn kommune (65 av 100).
- Menn er meir samde enn kvinner i at det er behov for å byggje ned natur for å få arbeidsplassar (39 mot 25), medan kvinner er meir samde i at nedbygging av natur gjer det mindre attraktivt å bu i kommunen (72 mot 59).
- Dei med grunnskule/VGS-utdanning er meir einige i at det er behov for å bygge ned natur for å få arbeidsplassar (40), samanlikna med dei med høgare utdanning enn grunnskule/VGS (mellom 26 og 31). Dei med høgast utdanning (universitet/høgskule 5 år eller meir) er meir einige i at nedbygging av natur gjer det mindre attraktivt å bu i kommunen (75), samanlikna med der som har lågare utdanning (mellom 59 og 66).

Sentio Research Norge

Verftsgata 4, 7042 Trondheim
90 54 88 92
post@sentio.no